

Sakshandsamar:

Astrid Lernes
E-post: astrid.lernes@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 89

Vår ref.

Sak nr.: 14/321-18
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

36920/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 18.11.2014

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Medlemene i hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget

Kopi til:

Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 - Tilleggsnotat

Fylkesrådmannen har i dag, 18.11.2014, fått i brev frå KMD opplyst at det er ein feil i berekningsteknisk dokumentasjon i framlegget til statsbudsjettet. Det er fordelinga av midlar til fagskulane som ikkje er korrekt.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune fører denne feilen til ein auke i rammetilskotet med 0,973 mill. kr.

I framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) har vi lagt til grunn at auka rammetilskot knytt til fagskuleutdanning vert tilført løyvinga til fagskulen. I tråd med dette vil fylkesrådmannen tilrå at auken i rammetilskotet på 0,973 mill. kr som vi no får i tillegg vert tilført fagskulen. Vedlegg 1 må konsekvensjusterast for dette.

Nytt vedtakspunkt 8:

Rammetilskot vert auka med 0,973 mill. kr.

Teneste 5540 Fagskuleutdanninga vert auka med 0,973 mill. kr.

Vedtaks punkt 8 vert nytt vedtaks punkt 9.